



Møteprotokoll

Sakene: 007/26 -008/26
Møtedato: 11.05.2026
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Møterom Finse

Fylgjande medlemmer møtte:

Anna-Kristina Batta Solheim
Emma Saathoff
Hedda Halstensgård
Inga Hjeltne
Mohammad Alhamid
Rayan Alhamid
Vilja Lekve Halvorsen

Parti

Tilstades frå administrasjonen:

Jens Olav Holven

Underskrifter:

Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 23.07.2026

Leiar
Inga Hjeltne

Sekretær
Claudia Saathoff

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
PS-007/26	Godkjenning av møteprotokoll
PS-008/26	Ymsesak - Ungdomsrådet 11.5.26

007/26: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent.

11.05.2026 Ungdomsrådet

Røysting:

Samrøystes vedteken.

UNG - 007/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent.

008/26: Ymsesak - Ungdomsrådet 11.5.26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

11.05.2026 Ungdomsrådet

Samrøystes uttale under.

UNG - 008/26 VEDTAK:

Uttale frå Ungdomsrådet:

Sak 1: Oppgåve frå Hardanger og Voss ungdomsråd

Ungdomsrådet har vore aktivt og har løfta fleire saker, mellom anna i heradsstyret. Det har likevel vore avgrensa oppfølging av desse sakene. Ungdomsrådet meiner det er positivt å få høve til å delta i heradsstyret og formidla synspunkt direkte til politikarane.

Jens Olav peika på at heradet har avgrensa økonomiske ressursar. Heradsstyret lyttar til innspel, men det er krevjande å prioritera innanfor ei stram budsjетtramme.

Sak 2: Møtegodtgjersle

Ungdomsrådet støttar ikkje framlegget om å redusera møtegodtgjersla. Ein studietur til Stortinget vert vurdert som interessant og lærerik, og ungdomsrådet meiner det vil vera positivt dersom ein kan få dette til innanfor gjeldande budsjетtrammer.

Sak 3: Runde rundt bordet

- **Anna Kristina:** Soknerådet har behov for ein representant i arbeidet med å utvikla minnelund i Ulvik. Emma vart vald som representant.
- **Jens Olav Holven:** Når det gjeld mellombels modul i barnehagen, er denne no seld av heradet. Det er difor behov for å finna ei ny løysing.